

HUSSERLS NOEMAOMGREP

OVERSETTELSE AV DAGFINN FØLLESDALS «HUSSLER'S NOTION OF NOEMA»

Oversatt av Alexander Myklebust

Innledning av Dagfinn Føllesdal

Edmund Husserl var, ved siden av Thomas Aquinas og Gottlob Frege, den første filosof jeg studerte grundig. Jeg oppdaget ham i 1954, da jeg studerte matematikk i Göttingen og som hobby leste litt filosofi. I Ueberwegs berømte filosofihistorie leste jeg at Husserl i *Logische Untersuchungen* (1900) hadde gjort slutt på psykologismen. Det slo meg at Husserls argumenter var slående like dem Frege hadde brukt i en kritisk anmeldelse av Husserl i 1894. Jeg skrev et lite skrift om dette, *Husserl und Frege*, og sendte det til Arne Næss, som jeg hadde vært assistent for noen år tidligere. Han foreslo at jeg burde bruke det som magisteravhandling, og slik ble det, men jeg fortsatte å studere matematikk og naturvitenskap. Først et par år senere kom jeg over en liten bok av Quine, *From a Logical Point of View* (1953), som fikk meg til å bestemme meg for å søke meg til Harvard for å studere filosofi hos ham. Etter at jeg hadde tatt min doktorgrad, ble jeg ansatt på Harvard, og jeg ga da flere ganger et kurs om Husserl. Husserls fenomenologi er kompleks, og jeg fant det av pedagogiske grunner fordelaktig å innlede med en filosof som gir en klar og enkel fremstilling av noen av de grunnleggende ideer man finner hos Husserl. I forelesningene brukte jeg Bolzano til dette. Bolzano er en av mine helter – han var også en av Husserls – og han er tindrende klar. Jeg begynte Husserl-kursene med syv forelesninger om ham. Han er en viktig og interessant filosof, som studentene burde lære å kjenne, og han er til stor hjelp for å forstå Husserl.

I en artikkel jeg skrev om Husserl for *Vestens Tenkere* i 1962 brukte jeg Frege for dette formålet, og det samme gjør jeg i denne artikkelen om Husserls noema-begrep. Noema-artikkelen bygger på foredrag jeg ga på to årsmøter i American Philosophical Association, i 1968 og i 1969, hvor jeg kunne regne med at alle tilhørerne var fortrolige med Frege.

Denne lille artikkelen har ledet til en intens diskusjon, delvis fordi mange reagerte mot at det skulle finnes så mange likhetstrekk mellom Husserl, kontinentalfilosofiens stamfar, og Frege, den store inspirator for «analytisk filosofi». En del av artiklene og bøkene har vært svært po-



Illustrasjon: Barbora Svobodová

lemiske, mens andre har vært positive og utviklet disse ideene videre. I 1982 redigerte Hubert Dreyfus og Harrison Hall *Husserl, Intentionality, and Cognitive Science* med en fyldig bibliografi (Cambridge, Mass.: The MIT Press) og året etter kom en enda utførligere bibliografi som bind 9 i *Philosophy Research Archives*: «The Noema, Husserlian and Beyond: An Annotated Bibliography of English Language Sources», utarbeidet av Ethel M. Kersey. Center for Advanced Research in Phenomenology fortsetter å dekke feltet gjennom en elektronisk *Bibliography of the Noema*.

Det dannet seg to «skoler» innenfor Husserlforskningen: «West Coast»-skolen, som besto av fire

Denne lille artikkelen har ledet til en intens diskusjon, delvis fordi mange reagerte mot at det skulle finnes så mange likhetstrekk mellom Husserl, kontinentalfilosofiens stamfar, og Frege, den store inspirator for «analytisk filosofi».


av mine doktorander: Hubert Dreyfus, David Smith, Ronald McIntyre, og den alt for tidlig døde Izchak Miller, som skrev bestselgeren *Husserl, Perception, and Temporal Awareness* (MIT Press, 1984). To av mine norske doktorander, Elling Schwabe-Hansen og Frode Kjosavik, og også Jaakko Hintikka, Jitendra Mohanty, Richard Tieszen, Christian Beyer i Göttingen og andre fulgte opp denne interpretasjonen, mens en del filosofer i den østlige del av USA sluttet opp om den mer tradisjonelle interpretasjonen av Husserl. Deres to vanligste innvendinger var at Husserl kjente distinksjonen mellom mening (Sinn) og referanse før han leste Frege, og at en akts noema på en eller annen måte er aktens objekt. Det første er jeg enig i, jeg har aldri hevdet at Husserl fikk distinksjonen fra Frege. Den andre innvendingen er jeg uenig i; den er vanskelig forenelig med at enhver akt har et noema, men ikke alle akter har noe objekt. Jeg skal ikke komme inn på alle innvendinger her, de mest interessante er jo de som er basert på en omhyggelig lesning både av min artikkel og av Husserls tekster. Heldigvis er skolemotsetningene på vei ut, og diskusjonen blir mer som den skal være, orientert mot den enkelte filosofis standpunkter og argumenter og ikke mot vagt definerte «skoler» og «-ismer».

Husserl løyste dette dilemmaet ved å seie at sjølv om ei kvar handling er retta, så betyr ikkje det at det alltid finnast eit objekt ho er retta mot.

Det overordna temaet for fenomenologien er ifølgje Husserl intensjonalitet, det vil seie det særreigne ved medvit at det er medvit om noko (Husserl 1950:203.22–23, 204.20–21 og 357.19–20).[†] Denne interessa for intensjonalitet fekk Husserl frå læraren sin, Brentano. Brentano meinte at:

Alle mentale fenomen er karakterisert ved det skolastikarane i mellomalderen kalla den intensjonale (og også mentale) ikkje-eksistensen til eit objekt, og det vi kan kalle, om ikkje i heilt utvitydige termar, referansen til eit innhald, det å vere retta mot eit objekt. (Brentano 1960:50)

Dette kan høyrast alminneleg ut, men det fører til vanskar, t.d. når vi prøver å bruke prinsippet på ein person som hallusinerer, eller ein person som tenker på ein kentaur. Brentano meinte at også i slike tilfelle er våre mentale handlingar, tenkinga og sansinga vår, retta mot eit objekt. Denne måten å vere retta på har ingenting å gjere med om objektet er reelt, meinte Brentano; objektet er sjølv innehalde i vår mentale aktivitet, «intensjonalt» inne-



Illustrasjon: Marianne Røthe Arnesen

halde i det.

Likevel er det slik at medan synet som seier at objekt for handlingar er verkelege fører til vanskar i tilfellet med hallusinasjonar og kentaurar, så vil tanken om at objekta er uverkelege, kva no enn det betyr, føre til vanskar ved mange andre typar handlingar, t.d. normale persepsjonshandlingar: Det verkar som, etter dette synet, at det vi ser når vi ser eit tre ikkje er det verkelege treet framfor oss, men noko anna, som vi også ville ha sett dersom vi hallusinerte.

Vi står altså overfor eit dilemma.

Husserl løyste dette dilemmaet ved å seie at sjølv om ei kvar handling er retta, så betyr ikkje det at det alltid finnast eit objekt ho er retta mot. Ifølgje Husserl er det for ei kvar handling eit tilhøyrande *noema*, som handlinga rettar seg mot eit objekt gjennom, dersom ho i det heile har eit. Når vi tenker på ein kentaur, har tankehandlinga vår eit noema, men det har ikkje noko objekt; det eksisterer ikkje noko objekt som vi her tenker på. På grunn av det tilhøyrande noemaet, er også ei slik handling retta. Å vere *retta* er ganske enkelt det å ha eit noema.

Difor er Husserl sitt noemaomgrep avgjerande for intensjonalitetsteorien hans, og dimed fenomenologien hans. Ei korrekt forståing og grep om distinksjonane knytt til noemaet «er av største betydning for fenomenologien, og avgjerande for å gje han eit riktig fundament» (Husserl 1950:239.35).

I denne artikkelen vil eg presentere ei rekkje tesar om noemaet, og underbygge dei ved hjelp av systematiske argument og tekstleg belegg frå Husserl sine skrifter. Eg skal forsøkje å gjere biletet av noemaet som dimed framtrer, så nøyaktig og fullstendig som dei tilgjengelege belegga i Husserl sine publiserte og upubliserte arbeid tillet.

Hovudtesen mi er følgjande:

1. Noemaet er ei intensjonal eining, ei generalisering av omgrepet om meining (*Sinn, Bedeutung*).

Denne tesen, og følgjene av han, går imot dei vanlege tolkingane av Husserl, men samsvarer godt med Husserl sine eigne skrifter. Såleis seier Husserl på side 89 i det tredje bindet av *Ideen*:¹ «Noemaet er ingenting anna enn ei generalisering av ideen om meining (*Sinn*) til feltet for alle handlingar.»

Også i mange av dei andre verka sine uttrykkjer Husserl liknande syn. I *Ideen*, første bind, seier han, «Opphavleg hadde desse orda [‘Bedeuten’ og ‘Bedeutung’] berre å gjere med den lingvistiske sfæren, ‘det uttrykkjande’. Det er likevel nesten ikkje til å unngå, og på same tid eit viktig framsteg, å utvide meininga til desse orda og tilpasse dei høveleg, slik at dei på ein bestemt måte er moglege å bruke på heile den noetisk-noematiske sfæren: det vil seie med alle handlingar, uansett om dei er fletta saman med uttrykkjande handlingar eller ikkje» (Husserl 1950:304.7–14). Og i *Ideen* I, side 233.35–37, karakteriserer Husserl det fulle noemaet som eit «‘Sinn’ (i breiaste forstand)». Jamfør også 219.1 og 223.4.

Ein bør vere merksam på at det er noko tvitydig i Husserl sin bruk av ordet «Sinn» når det vert nytta på noemaet. Nokre gonger meiner han heile noemaet, andre gonger berre ein del av det, ein del som kan vere det same i handlingar av forskjellige typar, t.d. persepsjons-, minne-, forstillingshandlingar, osb. Den andre tesen vår er difor følgjande:

2. Eit noema har to komponentar: (1) Ein som er felles for alle handlingane som har det same objektet med akkurat dei same eigenskapane, orientert på den same måten, osb., uavhengig av handlinga sitt «tetiske» særdrag, dvs. om det er persepsjon, minne, osb., og (2) ein som er ulik i handlingar av ulik tetisk særdrag.

Den første av desse komponentane kallar Husserl «noematischer Sinn»² (Husserl 1950:321.38), men òg alternativt «der Gegenstand im wie seiner Bestimmtheit»³ (Husserl 1950:321.37) og «gegenständlicher Sinn»⁴ (Husserl 1950:250.4). Sjå også 249.11 og 322.4. Den andre komponenten kallar han det noematiske korrelatet til objektet si «Gegebenheitsweise»⁵ (Husserl 1950:323.18, 250.16) eller «Weise, wie der Gegenstand bewusst ist».⁶ Ein viktig del av eit objekt si «Gegebenheitsweise» er handlinga sitt «tetiske særdrag» eller «Setzungscharacter»⁸. Ein annan del som inngår i «Gegebenheitsweise», er «fyllet», eit «Anschauungssinn»⁹. Som vi ville vente, seier Husserl at den andre komponenten, slik som den første, kan reknast som ein komponent av handlinga sitt

«Sinn» i ein utvida forstand (Husserl 1950:223.17–18). I *Logische Untersuchungen* (5. Unt., §§ 20–21), kallar Husserl den første komponenten «Materie», den andre «Qualität», og dei to saman «Sinn». I *Ideen* brukar Husserl vanlegvis «Sinn» for den første komponenten og «Noema» for dei to ilag.

Ein tredje tese er den følgjande:


3. Det er ved det noematiske *Sinn* medvitet relaterer seg til objektet.

Også denne tesen finn god støtte i dei Husserlianske tekstane. I *Ideen*, I, 316.15 står det: «Medvitet relaterer seg i og gjennom dette *Sinn* til objektet sitt», og «kvar intensjonale erfaring har eit noema og i det eit *Sinn*, som det relaterer seg til objektet gjennom» (Husserl 1950:329.9). Jamfør også 316.18 og 318.18.

Eit nøkkelpunkt i Husserl sin fenomenologi er det følgjande:

4. Ei handling sitt noema er ikkje handlinga sitt objekt (dvs. objektet som handlinga er retta mot).

Dette er ein avgjerande skilnad mellom Husserl og Brentano: Dilemmaet til Brentano, nemnd i byrjinga av denne artikkelen, oppstod fordi han meinte at objektet som gjer handlinga retta er objektet handlinga er retta mot. Brentano strevde livet gjennom med å klargjere re-



Illustrasjon: Marianne Røthe Arnesen

lasjonen mellom ei handling og det tilhøyrande objektet, men han lukkast aldri i å gjere denne avgjerande distinksjonen.

Ei handling sitt objekt er ein funksjon av handlinga sitt noematiske *Sinn* i den forstand at

5. Til eitt og same noema høyrer det ikkje meir enn eitt objekt.

Faktisk fastslår Husserl til og med at: «Likskap i *Sinn* oppstår berre der objektet i tillegg til å vere det same, er meint i 'same *Sinn*', det vil seie, frå den same sida, med same eigenskapar osv.» (NuS: 4). Sjå også *Logische Untersuchungen*, II (I) (1928), § 28, side 416.

Det motsette er derimot ikkje tilfelle:

6. Til eitt og same objekt kan det høyre fleire ulike noemata.

Dette er ei triviell sanning ut frå tese 2 sidan to noemata som har det same noematiske *Sinn*, og dimed (som nett-opp observert) det same objektet, likevel kan ha ulike tetiske karakterar og dimed vere ulike noemata. Såleis kan til dømes handlingar av typane persepsjon og minne, osv., ha same objekt. Likevel kan tese 6 styrkast slik:

6*. Til eitt og same objekt kan det høyre fleire ulike noematiske *Sinne*.

Dette følgjer faktisk frå utdraget i Husserls *Noema und Sinn* vi nett siterte for å støtte tese 5: At objektet er identisk det same er ikkje tilstrekkeleg for å sikre likskap i *Sinn*; vi må også krevje at objektet er gjeve frå den same sida, med same eigenskapar, osv. Sjå også *Ideen*, I, 321.8 og *Logische Untersuchungen* II (I), side 416.

Noemata hjelper til å individualisere handlingane, i det at

7. Kvar handling har eitt og berre eitt noema.


Jamfør t.d. NuS, side 2: «Kvar [handling har] *sitt* noema som sitt individuelle særdrag».

Ein bør merke seg at det motsette ikkje held: til eitt og same noema kan det høyre fleire åtskilte handlingar. Desse handlingane vil vere like; dei vil vere retta mot det same objektet, med akkurat dei same eigenskapane, samt vere orientert på den same måten; og dei vil ha den same tetiske karakteren. Likevel kan dei vere åtskilte handlingar; dei kan, for eksempel, ha ulike temporale koordinatar.

Som ein kunne vente, er noemata på dei fleste måtar som lingvistiske *Sinne*. Såleis bør ein merke seg den følgjande viktige konsekvensen av tese 1:

8. Noemata er abstrakte einingar.

Som tekstleg støtte til tese 8 legg vi merke til det følgjande: Husserl seier i *Ideen*, I (222.3):



Illustrasjon: Marianne Røthe Arnesen

Treet sjølv, tingen i naturen, er slett ikkje dette trepersiperte sjølv, som heng uskilleleg saman med persiveringa, som det perspektuelle *Sinn*. Treet kan brenne, verte løyst opp i sine kjemiske element, osv. Men eit *Sinn* – *denne* persepsjonen sitt *Sinn*, som naudsynleg høyrer til persepsjonen sitt vesen – kan ikkje brenne, har ingen kjemiske element, ingen krefter, ingen reelle eigenskapar.»

I manuskriptet *Noema und Sinn* seier Husserl: «*Sinne* er ikkje-reelle objekt, dei er ikkje objekt som eksisterer i tid» (NuS: 109). Og lenger ut i det same manuskriptet: «Eit *Sinn* har ikkje realitet, det er relatert til eit temporalt intervall gjennom handlinga det opptrer gjennom, men det har ikkje sjølv realitet [*Dasein*], ein individuell samanheng med tid og varigheit» (NuS: 114).

Her snakkar Husserl om noematisk *Sinn*, men sidan dei andre komponentane til noemaet også er komponent-

tar av «Sinn» (Husserl 1950:223.17–18), gjeld truleg det same for dei, og dimed for heile noemaet. Husserl seier i *Ideen*, 314.23–25 at alle noematiske *Sinne* og komplette noemata høyrer til ein og same art. At noemaet ikkje er eit romleg objekt er klårt frå *Ideen*, side 97.23–24, kor Husserl observerer at romlege objekt berre kan verte erfarte gjennom perspektiv (*Abschattungen*). Sidan noemata i prinsippet ikkje er erfarte gjennom perspektiv er dei ikkje romlege objekt.

Nært forbunde med dette er det følgjande poenget, som strid mot dei fleste aksepterte syn på kva noemata er:

9. Noemata vert ikkje persiperte gjennom sansane våre.

Dette synet er ikkje klårt uttrykt i nokon av Husserl sine publiserte skrifter. Men det er ein direkte konsekvens av tese 8, og dersom han skulle vise seg å vere usann, vil tese 8 og fleire av dei andre tesane falle med han. Det er difor viktig å finne og evaluere det som finnast av støtte for eller mot tese 9, i Husserl sine skrifter. Det næraste Husserl kjem å uttrykke synet sitt på dette i dei publiserte skrifterne er å finne på side 97 i *Ideen, I*, kor han observerer at alle synlege objekt berre kan erfarast gjennom perspektiv. Sidan noemata, som nett nemnd, ikkje er erfarte gjennom perspektiv, er dei ikkje synlege. Truleg er dei ikkje persipert av dei andre sansane heller.

Likevel er Husserl meir eksplisitt på dette punktet i det upubliserte manuskriptet *Noema und Sinn*, som eg refererte til tidlegare. Der seier han, i ein lang passasje som eg vil sitere i si fulle lengde, at:

Persepsjonen er persepsjon «av» («von») dette *Sinn*, men ikkje på den same måten som persepsjonen er persepsjon av dette huset. Persepsjonen «har» denne *Sinn*, men det vert ikkje persipert. No dømmer eg med omsyn til persepsjonen at den har dette *Sinn*, og at det dimed (i samsvar med sitt *Sinn*) er karakterisert ved å vere persepsjon av ein renessanse-bygning, der fasaden har sandsteinsøyler osb. Dersom eg let att augane mine og har huset gjeve for meg på ein tilsvarande måte i minnet seier eg også om minnet at det er eit minne med det same *Sinn*. I det presenterast gjennom minner den same tingen som tidlegare var persipert. Og dersom eg skildrar ein rein fantasi, då seier eg igjen at med tanke på den sitt *Sinn*, er det ein fantasi om ... og at det er ein mogleg heit for at ein fantasi har akkurat det same *Sinn* som ein persepsjon. (NuS: 4)

Nok ein gong snakkar Husserl her om det noematiske *Sinn*, men som tidlegare nemnd, gjeld denne merknaden truleg for alle komponentane til noemaet.

Ein kan då undre på korleis ein får kjennskap til noko som helst om noemata. Husserl sitt svar er at:

10. Ein får kjennskap til noemata gjennom ein spesiell refleksjon, den fenomenologiske refleksjonen.

Dei tidlegare tesane våre om noemaet hjelper oss no til å sjå kva denne refleksjonen er, og kva han ikkje er. Refleksjonen er å få grep om eit *Sinn*. For å sitere Husserl «Mot dette *Sinn* ... kan ein alltid rette ein særskilt refleksjon, og *berre* det som er gripe i han er grunnlaget for den fenomenologiske dommen» (Husserl 1950:222.36). Også i *Noema und Sinn* legg Husserl vekt på at «fenomenologien og logikken sin reflekterande dom er retta mot eit *Sinn*, og dimed ikkje mot det som er objektet for den ikkje-reflekterande dommen sjølv» (NuS: 99–100). At heile noemaet og ikkje berre det noematiske *Sinn* er reflektert over, vert gjort klårt fleire stader, for eksempel i *Ideen I*, side 369.

Fenomenologisk refleksjon er dimed ikkje ein spesiell måte å sjå eller bruke sansane på; objekta som vert gripe i fenomenologisk refleksjon er, som vi allereie har observert i dei føregåande tesane, abstrakte og ikkje-persiperbare.

Følgje Husserl er det slik at,

11. Den fenomenologiske reduksjonen kan gjentakast.

Det vil seie, for å sitere *Noema und Sinn*, at «Det *Sinn* som høyrer til eit objekt er i sin tur eit objekt ... det kan bli gjort til eit gjenstand for ein dom ... Slik sett har det eit *Sinn* av andre orden: eit *Sinn* sitt *Sinn* ... dimed har vi hamna i ein uendeleg regress, i den grad eit *Sinn* sitt *Sinn* i sin tur kan bli gjort til eit objekt, og dimed har eit *Sinn*, og så vidare» (NuS: 107–108).

Som Husserl påpeiker har dette igjen som konsekvens at «eit *Sinn* ikkje kan vere ein reell komponent av objektet» (NuS: 108).

Dette er ein av mange slående likskapar mellom Husserl sitt noemaomgrep og omgrepet *Sinn* hos Frege. Det er likevel også viktige skilnadar. Som for eksempel: Medan Frege i kontekstar av typen «trur at ...» meinte at termar ikkje referer til sin vanlege referanse, men til sitt vanlege *Sinn*, meinte Husserl som vi har sett (tese 4) at handlingar vanlegvis er retta mot ordinære objekt, og ikkje mot *Sinne* eller noemata for slike objekt. Dette fører til store skilnadar i analysane deira av handlingskontekstar.

Kva noemata er, ønskjer vi å vite i mykje meir detalj. Som Frege er ikkje Husserl særleg hjelpsam. Eit av dei få hinta Frege gav om *Sinne* i hans forstand var at dei hjelp til med å klargjere aspekt ved referansen (Frege 1892:27). Dette passar med noemata til ein viss grad, i det at handlingar med eit felles objekt, men med ulike noemata, kan seiest å fokusere på ulike aspekt av objektet sitt, at det blir sett frå forskjellige synspunkt. I tillegg meinte Husserl, som Frege, at eit fysisk objekt har ei uendeleg mengde

Sidan noemata i prinsippet ikkje er erfarte gjennom perspektiv er dei ikkje romlege objekt.

noemata og *Sinne* som samsvarar med det, og at det aldri kan verte uttømt av nokon av dei. Fysiske objekt er «transcendente», for å bruke Husserl sin term (Husserl 1950:100 og 238ff).¹⁰

Husserl gjev også noko meir hjelp. Ifølgje tese 3 over er noemaet, eller sagt meir presist, det noematiske *Sinn*, det som gjer at medvitnet relaterer seg til eit objekt. Ta det å sjå noko som eit eksempel. At det å sjå er intensjonalt, retta mot eit objekt, betyr at den nære sida av tingen vi har framfor oss vert rekna for å vere berre ei side av ein ting, og at tingen vi ser har andre sider og bestemmingar som er intenderte ilag slik at heile tingen vert rekna for å vere

Så lenge dei framtidige erfaringane passar med i det meir eller mindre på førehand vagt oppteikna mønsteret, held vi fram med å persipere det same objektet.

noko meir enn den eine sida. Desse bestemmingane vert ikkje fylte gjennom persepsjon; dei er meir eller mindre vagt representert, og leier oss til vidare perseptuelle prosessar, som gjer det usynlege synleg (Husserl 1962:433–434). Noemaet er eit komplekst system av slike bestemmingar (Husserl 1950:93) som let ei mengd visuelle, taktile, og andre data vere framtreidingar av same objekt (Husserl 1950:173–174). For å sitere Husserl: «Dei reint perseptuelle data ... er ikkje sjølv perspektiv, men dei vert perspektiv gjennom det som vi også kallar oppfatning (*Auffassung*), nettopp det som gjev dei den subjektive funksjonen av å vere framtreidingar av det objektive» (Husserl 1950:163.11–17).

Det er på denne måten, gjennom perspektiv, at vi persiperer objekt. Så lenge dei framtidige erfaringane passar med i det meir eller mindre på førehand vagt oppteikna mønsteret, held vi fram med å persipere det same objektet. Vi får ei endå meir «mangesida» erfaring av den, utan at mønsteret nokon gong vert uttømd. Mønsteret utviklar seg ved erfaringa vår av objektet, og inkluderer stadig nye, framleis erfarte bestemmingar. Nokre gongar passar erfaringane ikkje inn i det allereie oppteikna mønsteret. Vi får ein «eksplosjon» av noemaet, og eit nytt noema av eit nytt og annleis objekt. Vi var i dette tilfellet kanskje offer for feilpersepsjon, for illusjon eller hallusinasjon, og vi seier at den gamle handlinga ikkje hadde objektet det verka å ha.

12. Dette mønsteret av bestemmingar, ilag med sitt «Gegebenheitsweise», er noemaet.

Dei tolv tesane mine om noemaet er på ingen måte uttømmende for emnet; dei set oss berre i ein posisjon til å stille spørsmål som: Dersom fenomenologien er ein studie av meining, i ein utvida forstand, kva lys kastar han då over spørsmåla om meining som har spelt ei viktig rolle i filosofien sidan byrjinga og som er eit viktig tema

for så mange samtidige filosofar? Klarar fenomenologien å overvinne vanskane som heftar ved så mange antikke og nyare teoriar om meining? Ein nær studie av Husserl sine arbeid kan, trur eg, delvis gje svar på desse spørsmåla. Og sjølv om svara skulle vere negative stolar eg på at ein slik studie vil hjelpe til med å få klårare fram kva desse vanskane består i.

NOTER

[†] I det følgjande er alle sidereferansane i teksten til dette bindet, med mindre noko anna vert indikert.

Dette er ein utvida versjon av eit upublisert paper lest ved Western Division meeting of the American Philosophical Association i mai, 1968. Hovudtemaet stammar frå ein artikkel om Husserl som eg skreiv for *Vestens Tenkere* i 1962.

¹ Her blir det referert til utgåva i dei samla verka til Husserl, som er å finne i litteraturlista.

² «noematisk meining»

³ «gjenstanden i si bestemtheit»

⁴ «gjenstandeleg meining»

⁵ «måten objektet er gjeve på»

⁶ Frå det upubliserte manuskriptet *Noema und Sinn*, side 6; dette manuskriptet vil i det følgjande bli referert til som «NuS», følgd av eit sidetal.

⁷ «plasseringskarakter»

⁸ «måten ein er medviten gjenstanden på»

⁹ «meininga i anskuelsen»

¹⁰ Jf. Frege 1892.

LITTERATUR

Brentano, F. 1960, «The distinction between mental and physical phenomena», Terrell, D.B. (overs.) i *Realism and the Background of Phenomenology*, Chisholm, R.M. (red.) Free Press, Glencoe, III, 39–61.

Frege, G. 1892, «Über Sinn und Bedeutung», i *Zeitschrift für Philosophie und philosophische Kritik*, 25–50.

Husserl, E. 1928, *Logische Untersuchungen*, Meiner Verlag, Halle.

----- 1950, *Ideen*, bd. I, Martinus Nijhoff, Haag.

----- 1952, *Ideen*, bd. III, Martinus Nijhoff, Haag.

----- 1962, *Husserliana: Phänomenologische Psychologie*, bd. 9, Biemel,

W. Nijhoff, Dordrecht.

----- «Noema und Sinn», upublisert manuskript.